

Det juridiske fakultet

Her

### **Reform av studieordninga – fråsegn frå kursansvarlege i Strafferett og fleire**

Vi viser til diskusjonsnotatet som fakultetsleiinga sende ut 8. desember 2017, og vil her gi ei tilbakemelding om korleis vi stiller oss til dei delane av forslaget som vedkjem strafferettsfaget. Andre sider ved reformforslaga ser vi det ikkje som naturleg å uttala oss om i dette dokumentet.

Overordna sett meiner vi at plassering av strafferettskurset på det 4. studieåret (som i dag) er ei god løysing, som ein bør halde fast ved i det vidare arbeidet med studiereforma.

Eit gjennomgåande trekk ved diskusjonsnotatet er at ein ønskjer å samla (materieill) strafferett og straffeprosess til eit felles fag over eitt semester. Dette stiller vi oss udelt positive til. I ei utgreiing frå 2012 om behovet for omlegging av strafferettsundervisinga føreslo vi – saman med Henry Mæland – nettopp ei slik løysing. Vi meiner då som no at det vil gi klare pedagogiske fordelar å sjå den materielle og prosessuelle sida ved strafferettsfaget (i vid tyding) meir i samheng. Særleg vil dette kunna gi rom for ein del seminaroppgåver med både materielle og prosessuelle problemstillingar, munnleg prosedyre og eit i høve til eit meir realistisk arbeid med utforming av tiltale og dom. Ei samling av desse faga legg godt til rette for éin eksamen ved fullført undervising, noko som vi vil meine er føremålstenleg ut frå både ein pedagogisk synsvinkel og i eit ressursperspektiv.

Vi forstår diskusjonsnotatet slik at det er hovudtrekka i notatet som det er ønska innspel på, og at det ikkje no vert lagt opp til ein diskusjon om korleis eit slikt opplegg nærare kan gjennomførast. Vi går difor ikkje nærare inn på det i denne fråsegna, men legg likevel til at vi ser føre oss at integrasjon av strafferett og straffeprosess i eitt fag kan la seg konkret gjennomføre på eit sær s føremålstenleg vis.

Ei slik løysing vil samtidig innebera ei deling av det noverande faget Rettargang. Vi meiner at den pedagogiske gevinsten ved å samla strafferett og straffeprosess likevel er viktigare enn det ein taper i systematisk prosessundervising her. Om sivilprosessen også vert kopla noko tettare opp mot enkelte sivilrettslege fag, vil ein også der kunna ta ut eit pedagogisk potensiale. Vi vil samtidig understreka at ein ved ein reform bør vera merksame på den nære samanhengen mellom sivilprosess og straffeprosess. For å ivareta dette aspektet bør kurset i sivilprosess leggjast så nær som mogeleg i tid til strafferettskurset (anten før eller etter).

Denne fråsegna er utarbeidd av dei kursansvarlege for JUS241, på bakgrunn av drøfting i forskargruppa. Forutan dei kursansvarlege, har følgjande medlemmar i forskargruppa slutta seg til fråsegna: Terje Einarsen, Linda Gröning, Eivind Kolflaath og Katrine Holter.